



VIKEDAL UNGDOMSLAG.....*for ei aktiv bygd!*

Årsmelding Vikedal ungdomslag 2012

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leder), Gro Anett E. Leifsen (nestleder), Venke Jonassen(sekretær), Tone Helen Haugland (kasserer), Stian Hundseid Dahlberg (styremedlem), Even Opsal (varamedlem), og Knut Helge Skjold (varamedlem).

Det har vore bra med aktivitetar i Vikedal Ungdomslag i år, men lite møtevirksomhet. Travelt opptatte styremedlemmer har gjort at det har vert vanskelig å samle styret så ofte. Men, vi har kommunisert via ei lukka Facebook gruppe som er opprettet for styremedlemmene («V.U.L styret»). Dette har sjølv sagt ikkje vore optimalt, men det har fungert til enkel kommunikasjon og avgjerder mellom styremedlemmene.

Året starta med at V.U.L var vert for årsmøtet til Rogaland Ungdomslag. Dette arrangementet gjekk av stabelen på Vikedal Bygdahus laurdag 10. mars. Tilbakemeldingar frå Rogaland Ungdomslag var positive - dei takka for eit vel gjennomført årsmøte. V.U.L sine utgifter blei refundert av RU etter årsmøtet.

Hovudmålet til styret for året 2012 var å skaffe nok penger til vår avtalte støtte til idrettshallen i Vikedal. Styret gjorde i 2011 eit vedtak at me i fire år, fra 2012, skal støtte årlig med 25.000,- til drift av hallen. I tillegg gav Vikedal Ungdomslag 50.000,- i gave til bygginga av hallen. Me har tre år igjen av denne avtalen.

For å skaffe desse pengane arrangerte V.U.L musikalsk kulturveld 17. mars. Det var eit vellukka arrangement som gav gode pengar til V.U.L kassen. V.U.L skal også stå som arrangør for musikalsk kulturveld 20. mars 2013. Dette er arbeidd litt med i styreåret 2012.

I tillegg til denne kulturelle kvelden, har V.U.L leigd ut anlegget til ulike arrangement. Dette gir også trygge og gode inntekter til laget. Av arrangement kan nevnast «Hestanipen Opp», motorstevner NMK Vikedal, Ølmedal Rundt, 4H fest, skulerevy, 17. mai, konfirmasjonsfest, juleball, juletrefest, karusellrenn Fjellstøl og ulike andre arrangement.

Under Sommarfestivalen i Vikedal arrangerte V.U.L, tradisjonen tru, barne – og ungdomsdiskos på Vikedal Bygdahus. Dette var som vanleg eit vellukka arrangement, det gav kjærkomne pengar i kassen.

V.U.L har fått midlar frå Rogaland Ungdomslag og Noregs Ungdomslag.

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55

E-post: eideniss@online.no

Kontonummer:

3244 05 20501



Org. nummer:

984 039 883

www.vikedal-ungdomslag.no



VIKEDAL UNGDOMSLAG.....*for ei aktiv bygd!*

Frå RU fekk me aktivitetsstøtte til eit planlagd Dirt Jump stevne i november. Grunna kapasitetsmangel blei dette arrangementet ikkje arrangert i november. Det er utsatt til våren 2013. Pengane har me øyremerka til dette arrangementet. Me vil senda ein rapport til RU etter endt arrangement. V.U.L ønskjer å takka RU for støtta.

Styret hadde store planar om å kjøre kampanje for å få opp medlemstalet, men det har me ikkje lukkast med. Me tek med oss desse planane inn i det nye styreåret.

V.U.L har arbeidd for å auka medlemstalet på Facebook-gruppa:

<http://www.facebook.com/vikedal.ungdomslag>.

I løpet av året har me passert 100 medlemmer, og de er me veldig nøgde med. Dette ser me på som ein veldig god informasjonskanal ut til bygdefolket. Me ønskjer oss sjølvsgått enda meir medlemmer i denne gruppa, noko me kjem til å satse på å gjera i 2013.

Vikedal Ungdomslag er medlem av kontorfellesskapet til Vikedal Utvikling – dei har nå flytta kontorer frå gamle banken til kommunehuset. V.U.L eiger projektor og lerret som er flytta over til nytt lokale. Avtalen videre med Vikedal Utvikling er at V.U.L er medlem av kontorfellesskapet mot at leret og projektor får brukes av alle involverte.

Laurdag 2. februar inviterte Sandeid Ungdomslag til revypremiere på «**Kor langt kan me dra an**» - Knut Helge tok med seg kona Anja og representerte V.U.L. Me gav ein blom som takk for invitasjonen og gratulerte dei med vel gjennomført revy.

Vikedal Ungdomslag har vurdert å bytte lokaler frå Røde Kors huset til lokalene i båthavna. Styret har fått ja frå Vindafjord Båt – og Turistsenter til å leiga det lokalet. Dette er noko styret kjem til å jobba vidare med i 2013.

Som største andelseigar i Vikedal Bygdahus stilte V.U.L med 5 representantar på årsmøtet i Vikedal Bygdahus 14. februar. Det var veldig kjekt å høyre at økonomien til huset (og hallen) er positiv. Det er framleis tøffe økonomiske utfordringar i åra som kjem. V.U.L vil sjølvsgåt bidra for å unngå raude tal framover.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år, med forhåpentligvis meir aktivitet og styrevirksomhet.

Takk for i år!

20.02.13

Nils Erik Eide

Leiar Vikedal Ungdomslag

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 48 89 08 55

E-post: eideniss@online.no

Kontonummer:

3244 05 20501



Org. nummer:

984 039 883

www.vikedal-ungdomslag.no